

TiturBergen blei satt i gang som eit tiltak som skulle vere motiverande, inspirerande og morosamt for heile familien og ikkje minst som eit lavterskelttilbod. Frå juni til slutten av oktober har befolkninga i Bergen gått masse på tur for å klare dei ti utvalte turmåla som frivillige i Bergen og Hordaland Turlag har plukka ut. Eit av dei store ynskja med titur er at turane som er valt ut skal gjere folk meir bevisst på kor mange fine områder vi har i Bergen kommune. Dette fekk vi særleg god respons på, då mange deltagarar ga tilbakemelding på og takka for moglegskapen til å bli kjent i områder dei aldri hadde gått tidligare. Vi delte turmåla i områder, slik at det var to turar i dei ulike områda; i Bergen sentrum, Bergen Vest, Bergen Nord, Bergen Øst og Bergen sør.

Det er ei gruppe frivillige frå Byfjellstrimmen (eit vellykka turtilbod i BHT som arrangerar 127 gratis turar ila året) som har gått saman til eit nytt utval for å jobbe eksklusivt med titur. I tillegg til å finne ti turmål, har dei også laga nøyne beskrivingar til turane på ut.no, slik at alle kan gå inn der og sjå vanskelighetsgrad, bilder, beskriving av ruta på kart med høydeprofil og ca lengde og varighet på turane. Administrasjonen har bidratt med praktisk tilrettelegging med informasjon, distribusjon i Bergens Tidende, marknadsføring og konstruering av sjølve konseptet. Eigne titur-brettekoppar blei bestilt inn, til stor glede for ungane som klarte alle ti turmåla. Vi har arbeid med å få tilbodet enkelt og attraktivt, at Titur15 skal vere sommarhalvårets utfordring for innbyggjarar i Bergen kommune.

Bergen og Hordaland Turlag forventa at mange skulle melde si interesse rundt titur15. Samtidig er det krevande første året med eit nytt tilbod, krevande å nå ut til mange, for å skille seg ut i mengda med tilbod. Bergen og Hordaland Turlag synes Titur15 er spesielt bra fordi det er eit lavterskelttilbod til innbyggjarar i kommunen, byfjella blir vist fram, i tillegg til at det er eit enkelt konsept. Vi ønskjer å kunne halde fram med TiturBergen i fleire år framover, og forventa derfor at 2015 skulle vere året der konseptet blei kjent i Bergen.

I 2016 vil vi jobbe med å nå ut til fleire nye brukere av tilboden, slik at vi øker deltagelsen av individuelle brukere.